

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 08.01.19

Vår ref. 12/19/BSI/5.7.1.3

Dykkar ref.

Fiskeridirektoratet region Vest (ref. 18/18064)
v/ Solveig Anita Kristine Seljemo

Lindås kommune

E-mail

LINDÅS, LEKNES – SØKNAD OM FLYTEBRYGGE/BØLGEDEMPERE.

Viser til brev av 29.11.18, med vedlegg, frå Fiskeridirektoratet region Vest vedkomande ovannemnde sak. Beklager noko seint svar.

Fiskarlaget Vest har sendt saka til Nordhordland Fiskarlag.

Generelle merknader

Fiskarane opplever ein stadig større konkurranse om areala, særleg i kystsona. Ein vil peike på at fiskarane i utgangspunktet er positivt innstilt til anna næring og aktivitet, men fiskeri og andre næringar har eit heilt ulikt forhold til bruk av sjøareal. Andre næringar har behov for nye/større sjøområde, medan fiskerinæringa er avhengig av å ta vare på viktige eksisterande fiske-, gyte- og oppvekstområde.

Eksempel på konfliktområde er; oppdrett (areal inkl. anker og utslepp av spillfôr/feces/lusemidlar), vindmøller til sjøs, reguleringsplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flytebryggjer, ankringsområde, m.m.), ankring/verksemnd i sjø, avlaups-/vassleidningar, kablar, fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).

I tillegg vil ein gjere merksam på at fiskarar får klage frå hytteeigarar når ein fiskar i sjøområdet utanfor hyttene om natta, men òg elles.



Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så tar ein bit for bit frå fiskeriinteressene.

«Sjøvern» er like viktig for fiskerinæringa, som «jordvern» for jordbruk.

Ein vil peike på at ein kan vere med på å gjere kystsona meir tilgjengeleg for andre ved m.a. å fjerne tau mellom land og bøyar bruk i samband med fortøyning av båt når fortøyningen ikkje er i bruk.

Ein må òg vere merksam på at ikkje lyssetjing på land og i strandsona blir slik at det kan blende eller vere til ulempe for ferdsel på sjøen.

Ein vil gjere merksam på at kommunen har spesielt ansvar for å ivareta lokale og svake regionale fiskeriinteresser i plan-/reguleringsprosessar.

Fiskeridirektoratet ivaretar sterke regionale og nasjonale fiskeriinteresser.

Det vil seie at ein i kommuneplansamanhang skal ivareta både lokale, regionale og nasjonale interesser.

Ein må òg ha med seg at framtidige generasjonar òg må kunne få tilgang til kystsona.

Leknes

Det blir her søkt om flytebrygge/bølgedemparar.

Fiskarlaget Vest viser til kart frå Fiskeridirektoratet si nettside som viser at det er registrert kaste- og låssettingsplass ved omsøkte tiltak. Det blir òg drive fiskeri som ikkje er registrert der. Ein har t.d. «nye» fiskeri som leppefiske og fiske etter sjøkreps.

Fiskarlaget Vest finn ikkje å gå i mot omsøkte tiltak, under føresetnad av at ein kan feste lås/steng i bølgedemparane/flytebryggene, ferdsel til og frå området må ta omsyn til pågåande fiske/ steng i tråd med Havressurslova § 27 (ferdsel 20 m, fiske 100 m) og at fortøyingane blir avgrensa mest mogeleg. I tillegg må ein ikkje lyssetje sjøområdet.

Når det gjeld småbåtanlegg/-hamn vil ein vise til at det er viktig at det blir lagt til rette for miljøvenlege småbåtanlegg/-hamner. Det finst to viktige publiseringar kring temaet småbåthamner. Den eine er NGI-rapport *"Kartlegging av forurensing i utvalgte småbåthavner i Norge"* (TA-2751/2010), som viser at småbåthamner forureinar grunnen og sjøbotn, og at spyling og vedlikehald av skrog er den største kjelda.

CIENS-rapport: 2-2011 " Helhetlig planlegging og utvikling av miljøvennlige småbåthavner. Kunnskapsstatus" gjev ei rekke råd om korleis negativ miljøpåverknad frå småbåthamner kan avgrensast.

Noko i høve avgrensing av forureining/miljøvenleg anlegg bør omtalast i § 5.3.

Ein vil til slutt gjere merksam på at fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er derfor grunnleggjande avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt

for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav.

Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat.

I tillegg er ein avhengig av å ha eigna areal å fiske på.

Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt S. Instebø

Britt Sæle Instebø

Kopi pr. mail: Nordhordland Fiskarlag
Fylkesmannen i Hordaland

Sak 18-18064 LEKNES LINDÅS KOMMUNE

Søk etter innhold i valgte kilder



Låssettelsesplanasser



Redskap	10
Kommune	1263
Område ID	1263020033
Stedsnavn	Lekneshøyden
Kilde	mi sjekkes
Dato	30.12.1899
Digdato	26.12.1995
Oppdatert	
Brukere	1

Fiskeforenkle/komm



Art 1

Periode 1 fra

Periode 1 til

Art 2

Periode 2 fra

Periode 2 til

Art 3

Periode 3 fra

Periode 3 til

Art 4

Periode 4 fra

Periode 4 til

Merkader

Prioritet satt etter KP.

Zoom til

219

191

195

363



100 m

SG-4326 • N: 60° 34' 196" Ø: 5° 23' 245"


Hålestokt 1 : 5 000 •


rel.

Utsnitt av Audion Vakt Internet



Kartverket





← → ⌂ https://kart.gulesteroen.no/.../60-568703-5-3844382z-1780=zoom&fbclid=IwAR0567185-3813260567155-38138660-5672645-38166760-5672915-381616null0||60-5674045-38142360-5672855-38167360-567295-38173660-5674285-381484null0||0||0||true

Apert

Capture installe